

Lindås Kommune
V / Byggesaksavdelinga
Kvernhusmyrane 20
5994 Isdalstø

Søknad om dispensasjon frå arealplan ID 1263-15021979 på Eknes.

Søknaden gjeld plassering av garasje på gnr. 239 bnr. 65.

I sør-austleg hjørne av eigendomen står det ein garasje.

Denne treng vedlikehald.

Å vedlikehalda let seg gjera, men er komplisert då deler av grunnmur har sege, slik at bygget i dag er skeivt.

Eit alternativ til vedlikehald er å rive eksisterande garasje for så å bygge nytt.

Eg vurderer to område på tomten som egna til plassering av garasje.

1.

Område nord aust på tomten.

Bygging her vil krevje dispensasjon i forhold til fylkesvegen.

2.

Hageområde sør aust på tomten der dagens garasje er plassert.

Bygging her vil krevje dispensasjon frå arealplan ID 1263-15021979.

Her kan eg gjera visse tilpassingar slik at nytt bygg kjem noko lenger mot nord.

Eg ønskjer om mulig å plassere ein enkel garasje med carport i dette hageområde.

BYA er under 50 kvadratmeter og ligg meir en ein meter frå tomtegrenser, sjå vedlagte snitt-tegningar for vidare detaljar.

Dagens garasje er fire meter frå husvegg. Denne avstanden treng eg også i framtida for å komme fram med bil til diverse drift og vedlikehaldsoppgåver på denne sida av huset.

Fronten på omsøkt bygg er saksa for å få trekt bygget så langt som råd mot nord.

Garasjedelen vil fungere som garasje og lagerplass for diverse hagereiskapar.

Carport- delen er tiltenkt eksisterande utleigeleilegheit som har inngang like ved på sørsida av huset.

Carporten vil ha ein tilleggsfunksjon som overbygd uteplass i hagen.

Eg søkjer om lov til å få plassere garasje med carport som vist i vedlagte kartunderlag.

Mvh

Jostein Stemland
Breivika 2
5993 Ostereidet
Tlf. 91661277

